



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klagesak - Lindås – gnr. 138 bnr. 4 – dispensasjon til naust, kai og småbåthamn.

Fylkesmannen viser til brev frå Lindås kommune datert 16.11.2017.

Saka gjeld oppføring av to naust, kai og flytebryggeanlegg på gnr. 138 bnr. 4. Arealet er regulert til naustformål i reguleringsplanen for Tveiten frå 2007. I reguleringsplanen er det sett krav om detaljregulering av naustområdet. Vidare er nausta avhengig av dispensasjon frå krava til utforming i reguleringsplanen. Det er ikkje sett byggegrense mot sjø i reguleringsplanen, slik at tiltaket også er avhengig av dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjø i plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8.

Lindås kommune gav dispensasjon frå krav til utforming i reguleringsplanen i vedtak av 27.06.2017 sak 17/82-17/19400. Kommunen meinte her at det ikkje var naudsynt med dispensasjon frå pbl. § 1-8 og frå krav om reguleringsplan.

Fylkesmannen klaga på vedtaket i brev av 04.07.2017. Vi klaga mellom anna på at det ikkje vart vurdert som naudsynt å gje dispensasjon frå pbl. § 1-8 og frå krav om reguleringsplan.

Klagen vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 18.10.17, der Lindås kommune sitt vedtak datert 27.06.17 vart oppretthalde, med den tilføyinga at søknaden om dispensasjon for byggegrense mot sjø og plankrav vart handsama. Klagen vart teken til følgje på det viset at kravet til Fylkesmannen i Hordaland om handsaming av dispensasjon er gjort. Klagen er ikkje teken til følgje ved at vedtaket til kommunen ikkje er i tråd med tilrådinga frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen klaga på det nye vedtaket i brev av 15.11.2017.

Lindås kommune har valt å ikkje vurdere klaga vår på bakgrunn av at vedtaket i plan- og miljøutvalet den 18.10.17 ikkje er vurdert som eit nytt enkeltvedtak, men ei retting av vedtaket datert 27.06.17.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune

Advokatfirma Hammervoll Pind AS

Kvernhusmyrane 20

Bryggen 3-5

5914

5003

ISDALSTØ

BERGEN